

Uttale til budsjett for 2024, frå klubben v/Rimbareid skule.

Me stiller spørsmål ved at det ved kvart budsjett har vore kutt i timeressurs til elevar

Døme på dette er:

Då 6.åringane begynte på skulen i 1997 var det med lovnad om at det skulle vere maks 18 elevar pr. lærar. Dette heldt Fitjar kommune på til for nokre år sidan då det begynte 28 elevar i 1.klasse.

Desse fekk i utgangspunktet ein kontaktlærar. Denne har også ansvar for det meste av undervisninga i klassen. Dette fekk ein midlar til å organisere på ein betre måte, men det førte og til at andre klassar fekk lågare timeressurs.

Ved starten av skuleåret 2023/24 starta det 38 elevar i 1.klasse. Etter gamle klassedelingsreglar skulle denne gruppa vore delt i tre og hatt kvar sin kontaktlærar. Det er dei ikkje. Me lurer kvifor det er meir pedagogisk forsvarleg å vere fleire barn pr. vaksen i 2023 enn det var i 1997?

I tillegg så kjem det barn som har hatt timar/ressursar/spesialpedagog i barnehagen, men desse timane vert ikkje vidare ført inn i skulen. Det tek lang tid med rapportskriving og testing før det vert tilført ressursar og elevane får hjelp og tettare oppfølging.

Me opplever og at når elevar byrjar på ungdomsskulen og kjem i frå ulike skular, vert ressursane slått saman. Altså dersom dei har hatt ein til ein, så får dei tilsvarande ressurs i gruppe. Dette er svært uheldig. Det er svært sjeldan at elevar har like utfordringar. Det har vore ein kraftig nedskjering i spesialundervisning, særskilt dei siste ti åra.

Andre område det har vore fråtrekk av ressursar:

Før hadde ein deling av klassar i mat og helse og kunst og handverk. Dei siste åra har ein delt trinnet i tre grupper. Dette gjeld særskilt 9.trinn. Dette medfører at det er vanskar med å få timetalet til å gå opp og det krev mykje ekstra arbeid for pedagogane for å få planen til å gå opp

Me hadde også ein ekstra ressurs i naturfagtimane på ungdomsskulen. Dette då det er eit praktisk fag der ein kan lettare leggje til rette for praktisk arbeid og forsøk. Dette er vanskeleg å få til med heile klassar (22-27 elevar) og fører til at det blir meir teori.

Når det gjeld intensiv opplæring, så verkar den ressursen å vere noko lav i forhold til dei andre skulane. På Rimbareid er det 19t til 133 elevar på 1.-4.trinn, altså 7 elevar pr.time.

Med dei utfordringane som er i skulen i dag, så er ressurssituasjonen slik at det er på grensa for forsvarleg. Me har fleire som er sjukemeldt. Sjukefråvær kostar kommunen svært mykje, så her hadde det løna seg å gjere endringar.

Det er vår meining at det er ei tydeleg samanheng mellom høgt sjukefråver og ein stressande arbeidssituasjon med stor belastning. Stresset handlar i stor grad om for høgt trykk, men også om manglande meistringskjensle hos lærarene. Me opplever at det er eit gap mellom dei forventningar og føringar som ligg på oss og dei ressursane me har til å gjennomføra.

Me treng generelt å få auka opp ressursen frå det me har i dag.

Fleire lærarar opplever at dei blir sparka, slått og spydda. Ein orkar ikkje meir, blir sjukemeldt

Det å bli kalla kuk, fitta og at nokon ønsker at ein skal døy, ja, det gjer noko med oss.

Elles så ser me og at ressursar i kroner ikkje aukar, men vert halden på same nivå. Dette er å sjå på som nedskjering då alt rundt oss av varer aukar. I tillegg er denne ressursen altfor låg.

Me undrar oss når det gjeld ressursar til fritt skulemateriell, forming, mat og helse, leiker m.m så har me forholdsmessig få kr.pr elev.

Fritt skulemateriell: Kr. 637 pr. elev

Forming: Kr. 209 pr. elev

Det seier seg sjølv at med låg lærartettleik, få kroner pr. elev, så blir skuledagen meir teoretisk enn det den nye læreplanen legg opp til.